

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/30-10

Mobbeombod for barnehage og grunnskule - forlenging av ordninga

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Fylkestinget forlengar ordninga med mobbeombod for barnehage og grunnskule ut 2020.

Vedlegg:

Brev frå Utdanningsdirektoratet av 01.02.19

Andre relevante dokument i saka:

Fylkestingssak 4/18

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Utdanningsdirektoratet inviterte vinteren 2018 alle fylkeskommunane til å delta i ei mellombels ordning med fylkesvise mobbeombod frå august 2018 til utløpet av 2019. Til grunn for ordninga ligg eit nasjonalt mandat utarbeidd av Utdanningsdirektoratet.

Fylkestinget gjorde på denne bakgrunn slikt vedtak i møte 17.04.18, sak 4/18:

- 1. Det vert etablert ei ordning med mobbeombod i Sogn og Fjordane etter nasjonalt mandat gitt av Utdanningsdirektoratet. Ordninga gjeld i perioden 01.08.2018 - 31.12.2019.*
- 2. Ei 100 % stilling som mobbeombod skal organisatorisk inngå i fylkesrådmannen sin stab.*
- 3. Dette ombodet blir finansiert med 50 % statlege midlar og 50 % fylkeskommunale midlar.*
- 4. Den fylkeskommunale delen vil fylkestinget kome attende (til i) budsjett rapporten pr. 1. tertial 2018.*
- 5. Det skal opprettast ein «mobbeknapp» på heimesida til alle dei vidaregåande skulane, som eit lågterskeltilbod for å melde frå om mobbing.*

I vedlagte brev til alle fylkeskommunane av 01.02.19 opplyser Utdanningsdirektoratet at Kunnskapsdepartementet har beslutta å utvide prøveperioden for mobbeomboda utover 2019. Direktoratet informerer om at den statlege medfinansieringa held fram, i første omgang til evalueringa av ordninga er ferdig i juni 2020.

Fylkestinget må etter dette ta stilling til om Sogn og Fjordane fylkeskommune si ordning med mobbeombod for barnehage og skule skal halde fram utover 2019 og eventuelt kor lenge.

2. Vurderingar og konsekvensar

Elev- og lærlingombodet i Sogn og Fjordane fylkeskommune har sidan 2014 også vore mobbeombod i vidaregåande opplæring, men har likevel behalde den innarbeidde tittelen «elev- og lærlingombod». Mobbeombodet som er tema i denne saka, er såleis ombod for barn i barnehagen og elevar i grunnskulen i Sogn og Fjordane.

Hordaland fylkeskommune har eit mobbeombod for alle som går i barnehage, grunnskule og vidaregåande skule i Hordaland. Mobbeombodet i Hordaland var i utgangspunktet eit toårig prøveprosjekt som starta opp skuleåret 2015/16, men etter vedtak i fylkestinget i juni 2017 har ordninga vore permanent. I tillegg har Hordaland fylkeskommune eit elev- og lærlingombod som ikkje handterer mobbesaker.

I tråd med det Utdanningsdirektoratet legg opp til i vedlagte brevet, tilrår fylkesrådmannen at fylkestinget forlengar prøveordninga med mobbeombod utover 2019, dvs. at ordninga vert med over i Vestland fylkeskommune. Utdanningsdirektoratet opplyser at evalueringa av den mellombelse ordninga vil vere ferdig i juni 2020. På grunnlag av evalueringa avgjer Kunnskapsdepartementet kva slags tilknytning mobbeomboda skal ha til dei nye fylka og eventuelt til fylkeskommunane. For å skape føreseielege vilkår for mobbeombodet i Sogn og Fjordane, er det ut frå dette nærliggjande å forlenge ordninga med eitt år, dvs. til utgangen av 2020.

Vestland fylkeskommune vil i tilfelle ha to mobbeombod i 2020. Fylkesrådmannen går ut frå at mobbeombodet i dagens Sogn og Fjordane fortsatt vil ha dagens Sogn og Fjordane som arbeidsområde i 2020. Kva som skjer deretter, er avhengig av avgjerda Kunnskapsdepartementet tek om den framtidige ombodsstrukturen for barnehagebarn, elevar og lærlingar.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Prøveordninga byggjer på at staten og fylkeskommunane deler likt på kostnadene til mobbeomboda. Denne ordninga held altså fram, i første omgang ut første halvår 2020.

Personalpolitiske konsekvensar

Vedkomande som er tilsett som mobbeombod, er tilsett mellombels etter arbeidsmiljølova § 14-9 (2), bokstav a (arbeid av mellombels karakter). Ein arbeidstakar som er tilsett mellombels etter den nemnde føreseigna, er å sjå på som fast tilsett når vedkomande har vore samanhengande tilsett i meir enn fire år. Ved utløpet av 2020 vil mobbeombodet eventuelt ha vore tilsett i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Vestland fylkeskommune i mindre enn to og eit halvt år. Ho vil såleis ikkje vere å sjå på som fast tilsett.

3. Konklusjon

Kunnskapsdepartementet har avgjort at prøveordninga for mobbeomboda skal halde fram utover 2019. Evalueringa av ordninga skal vere ferdig i juni 2020. For å skape føreseielege vilkår for mobbeombodet i Sogn og Fjordane, tilrår fylkesrådmannen at fylkestinget forlengar ordninga ut 2020.